



Styremøte i Valldal Bygdekvinnelag måndag 18.august kl. 18.00 på biblioteket

Til stades: Bjørg, Mette NV, May, Gerd, Magnhild.
Forfall: Mette M

*Først i møtet vart det teke bilde av styret ved fotograf Judith.
Bjørg serverte kaffi og vannbakkels.*

67/25 Godkjenning av innkalling, sakliste og gjennomgang av vedtak frå forrige møte 22.mai
Saka vart teken til orientering, samt at enkeltsaker blir vidare følgd opp.

68/25 Evaluering av gjennomførte aktivitetar

Kulturdag i småskulen – 4 stk frå VBK hjelpte til. Opplegget fungerte bra, elevgruppa var på 12.stk.
Ein lærar var tilstades heile tida.

Sommaravslutning – eit vellukka arrangement i Tafjord i juni.

Sansehagen – godt frammøte på 1. dugnad. Området vart fint tillaga med planter og det vart oppsett vakter for vatning gjennom sommaren.

Olsokarrangement med matsal og stand - gruppene har ikkje hatt evalueringsmøte førebels.
Ei omfattande reingjering av bodene på kaia på førehand.
Kven har ansvar for utleige og reingjering av desse? Treng avklaring.

Elles ein del erfaring/detaljar å ta med seg til ev. seinare arrangement.
Det vert eigen evaluering for matkomiteen i tillegg til felles evaluering for heile arrangementet.

69/25 Økonomirapport og avklaring vedr fakturering

Har ikkje fakturert for 8.mai – arrangementet, rekneskapsfører sender faktura på kr. 2.000,-
Manglar ein del faktura knytt til olsokarrangementet som skal betalast ut.
Kasserar har ikkje fått endeleg oppsett frå inntektspostane som skal fordelast.

70/25 Informasjon frå leiar Bjørg vedr henvendelser i sommar

- Distriktssamling 13. - 14. sept. VBK vert ikkje representert på denne samlinga.
- Invitasjon til Inspirasjonsseminar Lillehammer 7.- 9. november. Enkeltrum frå fredag til søndag med alle måltid + seminaravgift Kr 5 672. Ingen har meldt seg interessert førebels.

• Valvakter – henv. frå personalsjefen om personar som kunne sete i vallokale og motta førehandsrøyster i Valldal.

Det vart ikkje slik at personane som sa seg interessert stiller til inntekt for VBK.

Bjørg, Gerd, Judith og Anne har involvert seg privat for oppdraget.

- Sal av seterboka

Petra tek seg av bestillingar som kjem inn. Ho sat også på stand og selde bøker for laget olsok.

71/25 Aktivitetsplan haust 2025

Utarbeiding av denne krev tid og gode idear.

Qviss: Vanlegvis 1. onsdag i månaden. Men denne gongen oppstart den 10.sept.

Syng med oss: I utgangspunktet 1 gong i månaden, tysdagar i oddetalsveker.

Medlemsmøte: tysdagar i partalsveker kl 18.00. 1.medlemsmøte 2.sept.

Førjulshygge i desember (16.)

«**Bygdebrunsj**» på klubbhuset (for heile bygda), 19. okt.

Styremøte: Måndagar (i vekene før medlemsmøte) Neste møte den 6.okt. 3.nov. 24.nov.

Årsmøte tysdag 28. oktober

Nyttårslag på VTS; 11.jan

Mette NV legg desse forslaga inn i eit utkast til aktivitetsplan hausten 2025.

Møtet slutt kl. 20.30

Magnhild

ref.